

Alver kommune
Plan og byggesak
v/Anne Lise Molvik
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår referanse: 18059-B12_2
Bergen, 22.09 2020

**ROMARHEIM AS.
ALVERFLATEN BOLIGFELT OG NÆRINGSOMRÅDE.
GNR. 137 BNR. 23, 144, 469 M.FL.
NY SØKNAD OM MELLOMBELS BRUKSLØYVE.**

Viser til søknad om mellombels bruksløyve innsendt 20.08.2020 og svar fra Alver kommune av 15.09.2020, «Manglande dokumentasjon på sporingskurver kommunal del av Alvervegen mot industriområde». Saknr. 20/15261-20/55981.

I svar fra kommunen er det tatt opp fire problemstillingar:

1. Fortau langs gbnr. 137/145 som ikkje er bygd. Lysmast og kumrist på fortausstrekket som kjem i konflikt med fortau og kommunal drift og vedlikehald.
2. Tilrettelegging for overgang mot fortau langs gbnr. 137/144 og at mjuke trafikantar ikkje har noko form for tilbod langs den kommunale vegen før fortauet er ferdigstilt.
3. Sporingskurve i kryss ut mot fylkesvegen, retning Isdal.
4. Overtaking av veg o_SKV1 til kommunal drift og vedlikehald.

Utgreiing og svar på problemstillingane:

1. I ny søknad om mellombels bruksløyve er følgjande deler av tiltaket ekskludert frå lista over deler det skal søkjast mellombels bruksløyve for;
 - a. Veg f_SKV5 profil 90-130
 - b. Veg f_KV4 og 5
 - c. Veg SKV6
 - d. Deler av fortau på gbnr. 137/145.

Ettersom fortau langs gbnr. 137/145 ikkje lenger er ein del av søknaden om mellombels bruksløyve, forsvinner problemstillinga om bygging av denne.

Angåande lysmast og kumrist på fortausstrekket på gbnr. 137/145, så er det sett på som lite sannsynleg at det trengs byggjast fortau her. Dette er på grunn av at dagens adkomstveg til gbnr. 137/445 som går over gbnr. 137/325 skal oppretthaldast som i dag. Det vil seie at veg SKV6 ikkje skal byggjast. Arealet som er regulert til dette fortauet blir nytta som veggrøft.

Ved søknad om ferdigattest blir søknad om løyve til tiltak anten endra, eller så blir fortau etablert og lystmast og kumrist endra deretter.

2. Fram til fortauet langs gbnr. 137/144 blir asfaltert, skal Romarheim Entreprenør forberede midlertidig slitelag av grus slik at mjuke trafikantar har moglegheit til å komme seg heilt fram til eksisterande avkjørsle på gbnr. 137/25 (f_KV5). Like før avkjørsla er det også etablert ein nedsenkning av fortauskanten slik at mjuke trafikantar kan krysse vegen o_SKV1 over til fortauet som startar på gbnr. 137/144 og fortset inn mot Alverflaten Næringsområde.
3. Ettersom krysset ligg utanfor reguleringsgrensa og ikkje er ein del av godkjente tekniske vegplanar, er det ikkje utbyggar sitt ansvar at krysset ikkje er i høve til krav i handbok N100.

Angåande svarbrev frå Alver kommune (då Lindås kommune) med ref. 19/1156-19/14035, der det vart spesifisert at det måtte dokumenterast sporingskurver, vil vi vise til Statens vegvesen sitt svar angåande trafikkhøva i krysset og aksept frå kommunen, ref. 19/1156-19/17097 av 29.05.2019. Her kjem det fram av SVV at dei aksepterer den utviklinga som reguleringsplanen legg opp til, og at kommunen akseptera at tiltaket kan starte i reguleringsplanen sin sør/vestre del (mot Fv565), så lenge det ikkje kjem tilleggskrav frå SVV i samband med krysset.
Per no er det enda ikkje kommen nokre tilleggskrav frå SVV. Statens vegvesen sitt svar angåande trafikkhøva i krysset er som ein del av deira merknad til reguleringsplanen «Alver næringsområde sør», datert 15.05.2018.

4. I denne omgang skal det berre søkjast om mellombels bruksløyve. Det vil seie at det ikkje skal søkjast om kommunal overtaking av veg o_SKV1 til kommunalt drift og vedlikehald.

Ferdigstilling av resterande anlegg utførast med tidsplan som vist på søknadsskjema.

Spørsmål til søknaden kan rettes til underteikna på tlf. 55 59 82 63 eller e-post halvor@haugen-vva.no.

Med vennlig hilsen



Halvor Fretland

Vedlegg:

Søknad om mellombels bruksløyve

Skisse veganlegg - Vedlegg F1

Kopi av brev og vedlegg:

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning, v/Irene Wilhelmsen

Romarheim AS v/ Kåre Romarheim

Hordaland Byggutvikling AS v/Thorleif Stendal